

# MØTEBOK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
30.09.2020

---

### **Tilstades på møtet**

**Medlemmer:** Arne Lerøy, Kine Lerøy, Torill Hordvik, Bjørn Helge Olsen, Edvard Bjerkestrand, Gerd solheim, Svein-Thomas Villanger, Inger Synnevåg, Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Rune Minde

### **Varamedlemer:**

#### **Andre:**

Kommunal representant : Hege Ramsland.  
Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

### **Desse hadde meldt forfall:**

**Møtte ikkje:**

### **Saker til førehaving:**

F -16/20 – F 20 /20

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

### **Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 16/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

***Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.***

F – 17/20 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

**Vedtak:**

***Edvard Bjerkestrand og Toril Hordvik.***

F – 18/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 11.06..2020

**Vedtak:**

***Møteboka frå 11.06.2020 vart godkjent utan merknader.***

F – 19/20 ORIENTERINGAR

- Budsjettsituasjonen.

Sagt i møtet:

*Soknerådet har samla gitt uttrykk for at kyrkjeverja sender eit brev til alle politikarane (og ikkje berre gruppeleiarane), som seier noko om konsekvensane av ytterlegare nedskjæringar i kyrkjekontoret si ramme.*

- Innspelsmøta for ny kyrkjeleg organisering.

- Soknemøte 14.oktober

Sagt i møte:

*Det vert kalla inn til soknemøte (seinare endra til «informasjonsmøte» grunna reglar for innkalling), der vi orienterer om flytting og grunnane for dette.*

F – 20/20 OPPSEIING AV LEIGEFORHOLDET VED KYRKJEKONTORET/BEHOV FOR NY TENESTEYTINGSAVTALE

Framlegg til vedtak:

- *Austrheim Sokneråd stiller som vilkår at kyrkjekontoret ved flytting av kontoret til kommunehuset, må få eigna lokalitetar – som tek omsyn til*

*prestens behov for lydisolert kontor – og at staben elles får eit kontorlokale der ein kan sitja samla.*

- *Soknerådet stiller også som vilkår at kommunen må leggja til rette for eigna lokalitetar til konfirmantundervisning, tilgang til møterom og anna rombehov ved større arrangement.*
- *Soknerådet påpeikar behovet for tilstrekkeleg lagerkapasitet. Dette gjeld soknerådet sitt fjernarkiv, ein del gjenstandar av historisk verdi, dei brannsikre safane med kyrkjebøkene m.m, samt delar av det eldre papirarkivet som ikkje vil bli tatt vare på i flyttinga.*
- *Soknerådet ønskjer at ny tenestyttingsavtale kan byggja vidare på eksisterande avtale frå 2011 – der leige av kyrkjelydshuset fell vekk – og at ny avtale kan beskriva tenestedelinga generelt mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd. Ny avtale kan ikkje tre ikraft utan at det er semje om denne både i kommunestyret og i soknerådet.*

### **Vedtak:**

- ***Austrheim Sokneråd stiller som vilkår at kyrkjekontoret ved flytting av kontoret til kommunehuset, må få eigna lokalitetar – som tek omsyn til prestens behov for lydisolert kontor – og at staben elles får eit kontorlokale der ein kan sitja samla, med kvar sine cellekontor.***
- *Soknerådet stiller også som vilkår at kommunen må leggja til rette for eigna lokalitetar til konfirmantundervisning, tilgang til møterom og anna rombehov ved større arrangement.*
- *Soknerådet påpeikar behovet for tilstrekkeleg lagerkapasitet. Dette gjeld soknerådet sitt fjernarkiv, ein del gjenstandar av historisk verdi, dei brannsikre safane med kyrkjebøkene.*
- *Soknerådet ønskjer at ny tenestyttingsavtale kan byggja vidare på eksisterande avtale frå 2011 – der leige av kyrkjelydshuset fell vekk – og at ny avtale kan beskriva tenestedelinga generelt mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd. Ny avtale kan ikkje tre ikraft utan at det er semje om denne både i kommunestyret og i soknerådet.*
- *Gravferdsforvaltninga må utførast under soknerådet sitt ansvar, med Austrheim Sogn som gravferdsmyndigheit.*

### **Bakgrunn:**

Soknerådet er frå før kjent med at kyrkjekontoret har fått særskilte krav om nedskjæringar i budsjetta, både for 2020 og 2021. Som det har gått fram av orienteringa til soknerådet på dette møtet, er ikkje budsjettet for 2021 ferdigforhandla endå.

Når soknet no uansett får langt knappare økonomiske rammer enn tidlegare, så har løysinga med byte av kontor tvinga seg fram. Etter kvart har dette blitt ei løysing som kommunen sjølv også pressar på for å få gjennomført. Den løpande innsparinga i ei kontorflytting utgjer i reine kroner ei 12% reinhaldarstilling, utgifter til straum og breidbandsutgifter. Kommunen vil spara forsikringskostnader. Kommunen ønskjer å avhenda heile eigedommen ved eit sal.

I sak til kommunestyret – som er flytta frå den 17. til 24.september – går det fram at kommunen seier opp leigeforholdet til kyrkjekontoret og tilbyr kontorlokalitetar i kommunehuset istadenfor. Tidsperspektivet her er frå nyttår. I grunnlaget til kommunestyresaka, har ein lagt inn § 15 i kyrkjelova. Denne seier i detalj kva som er kommunen si oppgåve å dekkja av utgifter til soknerådet. Blant anna er det spesifisert at ein skal stilla med kontor til presten. Kyrkjelova vil bli erstatta frå 01.01.2021 med den nye trussamfunnslova. Denne har eigne lovbestemmelsar om den Norske kyrkja. Det nye lovverket tek i det store og det heile opp i seg det same som står i gjeldande kyrkjelov, men den er ikkje fullt så spesifikk.

I gjeldande gravferdslov er ansvaret for gravferdsforvaltninga lagt til dei kyrkjelege fellesråda. Det har vore naturleg å gjera det slik all den tid alle gravplassane er i sokna si eige. I noverande gravferdslov er alt av gravferdsforvaltning lagt til dei kyrkjelege fellesråda, som ei teneste fellesråda yter på kommunen sine vegne. Dei aller fleste fellesråda i landet (96%) har organisert seg slik og erfaringane med fellesråda som gravferdsforvaltar får gjennomgåande svært gode tilbakemeldingar. I samband med at den nye trussamfunnslova vert gjort gjeldande frå nyttår av vert dei kyrkjelige fellesråda omdøpt til «gravplassmyndigheten.» Det vil få den konsekvensen at kommunen på eige initiativ *kan* bestemma at soknerådet ikkje lengre skal vera gravferdsforvaltar, men at dette er ei teneste som ein kommunal instans skal utføra. Før var det fellesrådet som måtte ta initiativet om ein ønskte at kommunen sjølv skulle vera gravferdsforvaltar.

Det eksisterer ein tenesteytingsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim sokneråd. Eit par av punkta i denne avtalen regulerer det aktuelle leigeforholdet til kyrkjelydshuset. Denne avtalen vart sist revidert i 2011. Slik ordlyden i framlegget til vedtak til kommunestyresaka er no, så vert heile tenesteytingsavtalen sagt opp for at det skal forhandlast fram ein ny.

Tenesteytingsavtalen regulerer mange forhold mellom soknet og kommunen:

- Lønskøyring for soknet sine tilsette
- Rekneskap og fakturering for soknet
- Leigevilkåra for kyrkjelydshuset
- Snøbrøytinga
- Andre tenester frå kommunen: IKT, teknisk vegleiing, kontroll av vedlikehald mm
- Tilgang til kontorrekvisita
- Innkjøp og serviceavtalar.

AU har begynt å sjå på innhaldet til ein ny og revidert teneste og oppgåvefordelingsavtale mellom kommunen og soknerådet. Denne vil vera meir omfattande enn gjeldande avtale.

### Vurdering:

Kyrkjeverja stiller seg undrande til at ein heil tenesteytingsavtale skal seiast opp «berre» fordi eit husleigeforhold skal seiast opp. Om ein ser saka frå kommuneadministrasjonen si side, så er det kanskje ikkje grunnlag for å tru at kommunen ikkje har vilje til å framforhandla ein ny tenesteytingsavtale som byggjer på lova sine intensjonar. Det kan likevel innvendast at det kommunen i praksis gjer med sitt mogelege vedtak, er å føra soknerådet i ein situasjon der ein kjem i limbo – utan at ein veit kva som vert innhaldet i ein ny avtale. Det bør vera tilstrekkeleg at ein seier opp den delen av tenesteytingsavtalen som gjeld kyrkjelydshuset og at resterande avtale blir ståande inntil ein ny avtale er framforhandla.

Sidan kommunen etter nyttår – i prinsippet - kan gå til det steget å definera seg sjølv som «gravplassmyndighet» og fråta soknerådet desse oppgåvene, så bør ein ny avtale etter kyrkjeverja si vurdering seia noko om at soknerådet framleis skal vera «gravplassmyndighet». Det er på ingen måte komen signal om at kommunen ønskjer å overta desse oppgåvene. Ein ny avtale bør likevel ta høgde for at denne problemstillinga vil koma opp, om ikkje soknerådet skulle vera av ei heilt anna oppfatning. Kommunen vil på dette spørsmålet ganske truleg bli utsett for press frå Humanetisk Forbund, som har som ein av sine fanesaker at all gravferdsforvaltning skal vera offentleg og såkalla nøytral. Dei meiner på prinsipielt grunnlag at kyrkja ikkje skal ha noko med desse oppgåvene å gjera.

Administrasjonen ved kyrkjekontoret er seg svært bevisst at ein er gravferdsforvaltar for alle. Vi meiner sjølv at vi opptrer profesjonelt og behandlar alle likt, uavhengig av medlemsstatus i forhold til kyrkja. Vi tenkjer også at det ikkje er ei ulempe å ha ein religiøst basert kompetanse, særskilt med tanke på korleis vi skal løysa behova som annleis truande innbyggjarar har bruk for.

Sjølv om det no har komen ei endring i gravferdslova, som det er gjort greie for ovanfor, så er framleis sokna formell eigar av alle kyrkjegardane eller gravplassane. Det er såleis etter kyrkjeverja si oppfatning ein naturleg samanheng at fellelråda yter denne tenesta overfor alle innbyggjarane.

# MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
30.09.2020

---

### Tilstades på møtet

**Medlemer:** Arne Lerøy, Kine Lerøy, Torill Hordvik, Bjørn Helge Olsen, Edvard Bjerkestrand, Gerd solheim, Svein-Thomas Villanger, Inger Synnevåg, Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Rune Minde

### Varamedlemer:

**Andre:** Kommunal representant : Hege Ramsland  
Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

### Desse hadde meldt forfall:

### Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:  
Soknerådssaker: S- 18/20 – S 21 /20

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

### Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 18/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

Vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

S – 19/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 11.06.2020

Framlegg til vedtak:

*Møteboka frå 11.06.2020 vart godkjent utan merknader.*

Vedtak:

*Møteboka frå 11.06.2020 vart godkjent utan merknader.*

S – 20/20 STATUS FOR TRUSOPPLÆRINGSARBEIDET

Framlegg til vedtak:

*Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.*

Vedtak:

Sagt i møtet:

*Det er heilt naudsynt å justera trusopplæringsplanen, slik at den vert meir i takt med det som er realitetane i dag. Planen er for mykje prega av metodikken til «gudsrikeleiken», som tidlegare trusopplærar Wilco Vogelaar var sertifisert for, og vi har ingen med tilsvarande kompetanse til å gjennomføra denne forteljarmetoden akkurat no.*

*Fleire friviljuge må inn i trusopplæringa og ein kan begynna med å kalla inn trusopplæringsnemda.*

Bakgrunn:

Svært mykje av aktiviteten i kyrkjelyden har det siste halve året enten blitt utsett eller avlyst. Dette gjeld også innanfor trusopplæringa.

Kyrkjeverja vil orientera litt om dette.

Vi har også ein trusopplæringsplan som er moden for revisjon. Gjenpart av denne vert lagt ved i utsendinga. Staben kunne tenkja seg soknerådet sine innspel med tanke på revisjon av trusopplæringsplanen.

S -21/20      HELGEMESSEHELGJA

Framlegg til vedtak:

**Vedtak:**

Sagt i møtet:

*Helgemessehelga – laurdag 31.okt og søndag 1.november skjer det følgjande:*

- *Open kyrkje laurdag ettermiddag frå kl 17.00 – 18.00.*
- *Minnegudsteneste kl 18.00*
- *Søndag 1.november kl 19.00: Jazzgudsteneste.*

*Til samlinga med open kyrkje og minnegudstenesta, har Inger, Anne, Gerd og Edvard meldt seg som friviljuge.*

*Det vert orientert om arrangementet i Kyrkjebakken og på informasjonsmøtet 14.oktober.*

Soknepresten vil orientera om sine tankar rundt ulike arrangement og gudsteneste den helgja det er helgemesse og be om soknerådet sine innspel til dette.